

Kvam formannskap si tilråding til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021. Formannskapssak 052/17

Kvam heradsstyre vedtar rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande endringar /tilleggspunkt:

- Utfylling i sjø i Øystese sentrum, jfr. Vedtak i NPB 30.oktober 2017. Tiltaket er i samsvar med sentrumsutviklinga for Øystese, og no er det tilgang på rimelige masser i nærområdet. Kvam heradsstyre løyver 1.000.000 som vert finansiert frå næringsfondet til reg.endring, grunnundersøking, konkurransegrunnlag mv. Vidare vert det oppretta eit nytt prosjekt med 8.500.000 til utfyllinga og skal leggjast inn som investering med 4 mill i 2020 og 4,5 mill i 2021. Prosjektet skal finansierast med inntekter frå eigedomssalg. Beløpet vert mellomfinansiert gjennom lån frå Bustadfelt-fondet inntil nødvendige salsinntekter er oppnådd.
- Kvam heradsstyre ber rådmannen om å utgreia sak om korleis me kan ta heim matproduksjonen i kommunal drift, til institusjonar og heimebuande i Kvam herad, saka skal leggjast fram innan utgangen av 2018.
 - Saka skal omhandla matomsorg, lokal produksjon og levering.
 - Bruk av lokale råvarer og matkultur.
 - Etablering av VTA og AFT plasser i produksjon og levering.
- Kvam heradsstyre ber rådmannen vurderer kapasitet og framtidig behov på dei to største barneskulane i Kvam. Sak på dette må leggjast fram innan juni 2018.
- Ramma for barnehage vert auka med 300.000 med formål å holde sommeropent.
- Forprosjekt KVBR skal leggjast fram for politisk behandling før evt. kjøp av tomt.
- Kommunale bygg som ikkje er i bruk, eller er planlagt brukt til kommunal verksemd, skal seljast.
- Korrigert tekst i Økonomiske rammer pkt.1e:
 - Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om kjøp av maksimalt 2 bustader på inntil 5 mill.kr. Eventuelle kjøp vert finansiert med lån. Eventuelle kjøp utover dette skal framleggjast FSK for godkjenning før kjøpekontrakt vert signert.
- Rådmann skal ved fremleggjing av tertialrapporter for 2018 utarbeida ei side med enkle nøkkeltall og grafer. Følgende nøkkeltall og grafer skal framleggjast:
 - Befolkningsutvikling
 - Skatteinngang
 - Driftsinntekter mot budsjett
 - Driftsutgifter mot budsjett
 - Finans kostnader mot budsjett
 - Finans inntekter mot budsjett
 - Netto driftsresultat mot budsjett
 - Bruk av fond
 - Avsetjing til fond